

Eksamen

24. november 2016

KJT2002

Dokumentasjon og kvalitet

Programområde: Køyretøy / Kjøretøy

Nynorsk

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timar.
Hjelpemiddel	Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon.
Bruk av kjelder	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Vedlegg	Ingen
Informasjon om vurderinga	<p>I vurderinga blir det lagt vekt på følgjande:</p> <ul style="list-style-type: none">• korleis kundehandsaming og dialog med kunden vert beskrive utført• kostnadsberekning av reparasjon, heile reknestykket må setjast opp i eksamenssvaret på ein oversiktleg og ryddig måte• fylldig beskriving av korleis oppgåvene blir løyst• Kunne vise til kva for forskrifter ein refererer til i dei enkelte oppgavesvara• finne fram i nødvendige lover og reguleringar som gjeld for verkstader• forklare vareflyten frå leverandør til gjenvinning eller destruksjon, ved hjelp av prinsipp for logistikk• utføre produksjonsoppgåver etter gjevne krav til kvalitet og HMT• handsame spesialavfall i verkstaden og gjere greie for krav til slik avfallshandtering <p>Sluttvurdering av heile oppgavesvaret</p>
Andre opplysningar	Les oppgåva godt før du svarar.

Oppgåve 1

Du arbeider på ein verkstad som utfører mekanisk arbeid på lette køyretøy. Det kjem inn ein kunde med ein bil som har startproblem. Kunden set bilen igjen og ønskjer eit prisoverslag for kva det vil koste å utbetre feilen.

- a) Forklar kva ein meiner med god kundehandsaming.
- b) Du snakkar med kunden og må lage ein arbeidsordre. Kva for opplysningar bør vere med i ein arbeidsordre?
- c) Du skal lage eit prisoverslag til kunden på heile reparasjonen når følgjande er kjent: delar kr. 4450,-, arbeidstid 2,4 timar, verkstadsmateriell kr. 60,- pr. time, timepris på verkstaden kr. 1200,- Alle prisar er eks. mva.
- d) Ved denne reparasjonen vart det skifta eit batteri. Forklar prosedyrane for avfallshandtering av det gamle batteriet.

Oppgåve 2

- a) Forklar kort: Kva er Køyretøyforskrifta?
- b) Kva for formelle krav vert det stilt til ein medarbeidar som skal gjennomføre ein periodisk køyretøykontroll på ein personbil?

Oppgåve 3

Du får ei arbeidsoppgåve med å skifte startar i ein bil.

- a) Forklar kva for omsyn du vil ta i høve til HMT i denne arbeidsoppgåva.
- b) Du skal også foreta ei risikovurdering av denne arbeidsoppgåva.
- c) Korleis vil du skaffe dei nødvendige delane? Forklar vareflyten frå leverandør til gjenvinning eller destruksjon.

Bokmål

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemidler er tillatt, bortsett fra Internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon.
Bruk av kilder	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettside og nedlastingsdato.</p>
Vedlegg	Ingen
Informasjon om vurderingen	<p>I vurderingen blir det lagt vekt på følgende:</p> <ul style="list-style-type: none">• hvordan kundebehandling og dialog med kunden blir beskrevet utført• kostnadsberegning av reparasjon, hele regnestykket må settes opp i besvarelsen på en oversiktlig og ryddig måte• fylldig beskrivelse av hvordan oppgavene blir løst• kunne vise til hvilke forskrifter man refererer til i de enkelte oppgavebesvarelsene• finne fram i nødvendige lover og reguleringer som gjelder for verksteder• forklare vareflyten fra leverandør til gjenvinning eller destruksjon, ved hjelp av prinsipper for logistikk• utføre produksjonsoppgaver etter gitte krav til kvalitet og HMS• behandle spesialavfall i verkstedet og redegjøre for krav til slik avfallshåndtering <p>Sluttvurdering av hele oppgavebesvarelsen</p>
Andre opplysninger	Les oppgaven godt før du svarer.

Oppgave 1

Du arbeider på et verksted som utfører mekanisk arbeid på lette kjøretøy. Det kommer inn en kunde med en bil som har startproblemer. Kunden setter bilen igjen og ønsker et prisoverslag for hva det vil koste å utbedre feilen.

- a) Forklar hva som menes med god kundebehandling.
- b) Du snakker med kunden og må lage en arbeidsordre. Hvilke opplysninger bør være med i en arbeidsordre?
- c) Du skal lage et prisoverslag til kunden på hele reparasjonen når følgende er kjent: deler kr. 4450,-, arbeidstid 2,4 timer, verkstedsmateriell kr. 60,- pr. time, timepris på verkstedet kr. 1200,-
Alle priser er eks. mva.
- d) Ved denne reparasjonen ble det skiftet et batteri. Forklar prosedyrene for avfallshåndtering av det gamle batteriet.



Oppgave 2

- a) Forklar kort: Hva er Kjøretøyforskriften?
- b) Hvilke formelle krav stilles det til en medarbeider som skal gjennomføre en periodisk kjøretøykontroll på en personbil?

Oppgave 3

Du får en arbeidsoppgave med å skifte starter i en bil.

- a) Forklar hvilke hensyn du vil ta i forhold til HMS i denne arbeidsoppgaven.
- b) Du skal også foreta en risikovurdering av denne arbeidsoppgaven.
- c) Hvordan vil du fremskaffe de nødvendige delene? Forklar vareflyten fra leverandør til gjenvinning eller destruksjon.



www.vigoiks.no/eksamen